

Ti ønsker til budsjett 2022 frå Utdanningsforbundet i Fitjar.

Verbalforslag:

Utdanningsforbundet i Fitjar ønskjer klare verbalforslag i høve skulestruktur versus budsjett. Utdanningsforbundet ønskjer at Fitjar kommune må halde skulestrukturdebatten til arbeid med skulestruktur, ikkje bringe det på bane kvart budsjett. Det vere seg flytting av elevar, SFO eller nedlegging av delar eller heile skular.

Utdanningsforbundet i Fitjar ønskjer ei utgreiing om vikarpool på linje med den som er i Stord til første møtet i vår.

Utdanningsforbundet ber om at Fitjar kommune utarbeidar ei forpliktande avtale med støttefunksjonane til skuleverket. Der støttefunksjonane (helsesjukepleier, BUP, PPT) forpliktar seg i større grad enn i dag.

Driftsbudsjettet

Utdanningsforbundet i Fitjar ønskjer:

- ein auka ressurs til skulebøker, læremiddel og bibliotekbøker.
- at det må som eit minimum vera to pedagogar i første klasse ved Rimbareid hausten 22/23(sjå uttalen til Rimbareid skule)
- at pedagogisk personale får opplæring innan IKT og ein ansvarleg for IKT(sjå uttalen til Rimbareid skule)
- at bassenget ikkje vert stengt til påske.(sjå uttalen til Selevik skule)
- at Fitjar kommune etterlever lærernorma på alle steg ved Rimbareid skule.

[Kalkulator for lærernorm \(2019-20 og utover\) \(udir.no\)](https://www.udir.no/kalkulator-for-larernorm-2019-20-og-utover)

Investeringsbudsjett

Utdanningsforbundet i Fitjar ønskjer:

- ny kommunal barnehage velkommen
- at arbeidsrom ved Øvrebygda vert oppgradert med ventilasjonsanlegg.

Mvh

Katrin I. Ankervold

LLL i Utdanningsforbundet Fitjar

1. Uttale frå klubben ved Selevik skule.

Høyring budsjett 2022

Klubben ved Selevik skule uroar seg for forslaget om stenging av bassenget etter påske. Symjeundervisning vår er lagt til hausten og våren, fordi det kan vere vanskeleg for ein stor buss å køyra til Dåfjorden vinterstid. Før påske er det til tider snø og glatt på fylkesveg 72. Me har opplevd å ikkje få bestilt buss til skuleturar, fordi det ikkje var erfarne nok sjåførar tilgjengeleg som kunne ta turen ut til Dåfjorden under slike forhold.

Ei anna ulempe med å måtte ha symjeundervisning om vinteren, er at me samstundes nyttar gymsal på Rimbareid. Når me skal nytte gymsalen må elevane ved Rimbareid ha gymnastikk ute. Dette er lettare å få til om våren, enn om vinteren.

Selevik skule fekk i haust auka frå sju til åtte bussturar haust og vår, for å nytte basseng og gymsal. Me håper denne løyvinga frå revidert budsjett står ved lag.

Referent Heidi Haugland, AT

2. Uttale frå klubben ved Øvrebygds skule.

Her er nokre innspel til høyringa 6.desember frå klubben på Øvrebygda:

- Redusert tal på delingstimar fører til større press på lærarane. Det vert fleire samanslåtte timar der ein lærar har ansvar for 2 til 3 årstrinn. Det vert vanskelegare å følgja opp enkeltelevar som treng litt ekstra.
- For få vakter ute i friminutt. Vaksne har ikkje tilstrekkeleg oversikt over utesituasjonen. Driv brannsluking i staden for førebygging.
- Fraverande støttefunksjonar (helsesjukepleiar, PPT, BUP). Dei har, som alle andre, lov å vere sjuke, men det fører til auka press på lærarar som får ekstra arbeid med elevar som ikkje får oppfølginga dei skulle hatt.
- Me har framleis eit arbeidsrom utan ventilasjonsanlegg.
- Det er vanskeleg å få kvalifiserte vikarar. Lærarar går på jobb når dei ikkje burde då dei veit det er vanskeleg å få tak i folk om dei er borte, og det vert meirarbeid.

3. Uttale til budsjett for 2021 frå klubben v/Rimbareid skule. (Innspel til rådmannen sitt budsjett)

Målsetjingar for etaten Digitalisering

- Utvikla samspelet i læringsarenaen. Tydelege pedagogiske val som bevisst brukar digitale løysingar som gir ein vinst i læringsarbeidet. (Den andre pedagogen i rommet)

Elevane vil få grunnleggjande dugleik i digitale ferdigheitar dersom dei har lærarar som har fått opplæring i bruk av IKT. Me treng opplæring og ein som har ansvar for pedagogisk IKT

- *«Digitalisering i skulen vil gje elevane grunnleggjande dugleik i digitale ferdigheitar og gje tilsette i skulen fleire verktøy for tilpassa opplæring og reduksjon av spesialundervisninga. Digitalisering skal effektivisera tenestene.»*

Det at kvar elev får ein datamaskin vil ikkje føre til reduksjon i spesialundervisning. Dette er for desse elevane, som for alle elevar, eit hjelpemiddel, men kan på ingen måte erstatta spesialpedagogen.

7.trinn

Me er svært glad for at 7.trinnet ikkje vert flytta. Dette gjer at det vert ein betre lærings situasjon for 7.trinnet. Det at det vert føreslått kvart år, er ganske frustrerande for elevar foreldre og lærarar. Det hadde vore fint om ein kunne bestemt seg for ei varig løysing.

Dette stod å lesa hausten 2020

**«Hausten 2020 tok grunnskulane i bruk ny overordna del og nye fagplanar for 1. - 9. trinnet. Skulane arbeider no aktivt med implementering og frå hausten 2021 vert også 10. trinnet omfatta av denne endringa. Det er ikkje sett av midlar til nye læremiddel.»*

Me ser at rådmannen ikkje har lagt inn midlar til læremiddel dette året heller. *Heldigvis la politikarane i Fitjar inn 500 000kr for 2021.* Dette gjorde at me på Rimbareid fekk kjøpt lærebøker innan dei fleste faga på 10.trinn. På 8. og 9.trinn var det lite midlar igjen, så det vart kjøpt inn matematikkbøker. På barnetrinnet har ein kjøpt bøker i norsk, matematikk og engelsk.

Me treng og lærebøker/læremiddel i andre fag.

Me brukar i dag svært mykje tid på å finne lærestoff til elevane, og for mange av dei er det vanskeleg å finne fram i alle lenkene me deler med dei.

Elevane har heller ikkje digitale lærebøker.

Det må setjast av midlar til innkjøp av lærebøker/læremiddel, minimum 500 000kr. Dette er ikkje nok, men vil føre til at fleire elevar får lærebøker.

1.klasse

Me ser me stor uro at det er forslag om at det skal vere ein klasse og ein pedagog i 1.klasse til neste år. Dette er langt frå pedagogisk forsvarleg. Dei er 5-6 år gamle og kjem frå barnehage der dei har vore van med 6 barn per vaksen. Då reform `97 vart innført og 6-åringane begynte på skulen, så vart klassesdelingstalet sett til 18 elevar per pedagog. Dvs. at dersom det var 19 eller fleire elevar, var det til ei kvar tid to pedagogar. 6 åringane har ikkje vorte meir modne og klare for skulen i dag enn dei var i 1997.

Det må som eit minimum vere to pedagogar i 1.klasse!

Spesialundervisning

Me ser også at me skal spara ein spes.ped lærar. Det er viktig at ein i denne sammenheng ser på dei som skal starte i 1.klasse. Me opplever ofte at barn som har hatt til dels mange spes.ped.timar i barnehagen, ikkje får timer i første klasse. Dette er uheldig og burde vore endra.